



Eidfjord kommune



Kommunedelplan for trafikksikring

Vedteken i kommunestyret 17 september 2012.
Jf.K.sak 063/12

29.02.2012

Føreord

Trafikksikringsplanen for Eidfjord er ein kommunedelplan og er ein revisjon av førre trafikksikringsplan frå 2000.

Planen skal kartleggja problema med trafikkulukker i kommunen og prioritere tiltak som reduserer dei. Siktemålet er at planen skal fungera som verktøy for kommunen i trafikksikringsarbeidet, og gje grunnlag for prioritering av offentlege trafikksikringsmidlar.

Planen har vorte utarbeida under leiing av ei arbeidsgruppe beståande av:

- o **Harald Næss, Eidfjord kommune, prosjektleiar**
- o **Kjell Arild Kvale, Eidfjord kommune - KTD**
- o **Thea Øidvin/ Vegard Boge, Bornas representanter**
- o **Arild Erdal, Representant for Eidfjord skule og barnehage**
- o **Øyvind Torsnes, Hordaland Politidistrikt**
- o **Heming Lunestad, Statens Vegvesen**
- o **Lisbeth B. Celik, har møtt frå Sentraladministrasjonen**

Asplan Viak AS ved Audun Kvam og Trygve Andresen har etter innhenting av tilbod vore engasjert som konsulent.

Arbeidsgruppa har hatt 3 møte. Konsulent har hatt fleire synfaringar. Prosjektleiar og konsulent har hatt fleire arbeidsmøter.

Oppstart av planarbeidet vart annonsert i Hardanger Folkeblad 7.oktober 2011. Som del av arbeidet vart det sendt ut spørjeskjema til alle innbyggjarane i kommunen. Det kom inn om lag 74 uttalar /forslag til tiltak.

Planen vart handsama i Planutvalet den 12.mars 2012 og vart lagt ut til høyring i perioden mars – april 2012.

Kommunestyret vedtok planen med nokre tillegg, endringar og presiseringar i møte 17 september 2012. Dette går fram av vedlegg nr 8. (Sjå innhaldsfortegnelsen til planen.)

Aud Lygre

-rådmann-

Harald Næss

INNHALDSFORTEGNELSE

1	Samandrag	3
2	Visjon og målsetting.....	5
2.1	Visjon	5
2.2	Målsetting	5
3	Presentasjon av kommunen	6
3.1	Generell geografi og busetnad.....	6
3.2	Vegnettet	7
3.3	Trafikantar – næringsliv, skule og turistar	7
3.4	Registrerte køyretøy i kommunen	9
4	Organisering av trafikksikringsarbeidet i kommunen i dag.....	10
5	Registreringar og problemanalyse.....	12
5.1	Datagrunnlag	12
5.2	Politi rapporterte personskadeulukker.....	13
5.3	Utryggleik.....	19
6	Tiltak	26
6.1	Tiltak i førre trafikksikringsplan frå 2000	26
6.2	Effekt av tiltak	27
6.3	Fysiske tiltak	29
6.4	Andre tiltak.....	38
6.5	Gjennomføring av tiltak – handlingsplan etter plan- og bygningslova	41
7	Vedlegg	42
7.1	Utsendt spørjeskjema	42
8	Politiske vedtak	
8.1	Formannskapet, 12.03.2012: K.sak 033/12	45
8.2	Kommunestyre, 01.10. 2012: K.sak 063/12	45


1 SAMANDRAG

Trafikksikringsplanen har som visjon at ingen skal bli drepne eller alvorleg skadde i trafikken i Eidfjord kommune.

For å nå dette målet er det satt følgjande målsettingar:

- Fortsette med, og forsterke den førebyggjande trafikkopplæringa blant born og unge
- Opprydding i trafikkfarlege punkt på vegnettet
- Byggje gang- og sykkelvegar langs riks-, fylkes- og kommunale veger der dette manglar
- Godt vegvedlikehald på eksisterande vegar og gang- og sykkelveg
- Eidfjord kommune vil bli den beste kommunen på bruk av refleks.

Riksveg 7, som er ein av tre moglege vegar mellom austlandet og Bergen, går gjennom kommunen og set sterkt preg på trafikkbiletet. Alle dei politirapporterte ulukkene i perioden 2001-2011 har skjedd langs Rv 7. Det vart innrapportert 63 ulukker med personskade. Dei fordeler seg på grad av alvor slik:



Figur 1: Registrerte ulukker (STRAKS-registeret 2001-2011), fordelt på grad av alvor.

I desse 63 ulukkene er i alt 79 personar skadde eller drepne. Dei 6 dødsulukkene har 7 drepne. I tillegg til dødsulukkene er det 7 ulukker med alvorlege / svært alvorlege personskadar.

Talet ulukker i Noreg er heldigvis relativt lågt, men det gjer at det ofte er vanskeleg å finne tydelege mønstre i ulukkene. Då er det eit nyttig supplement å få innspel frå innbyggjarane om kvar problempunkta er. Det er derfor gjennomført ei utryggleiksundersøking blant alle innbyggjarane i kommunen. Det kom inn 74 forslag til utbetring på vegnettet.

Tabellen under viser dei prioriterte fysiske tiltaka på vegnettet. Tiltaka er fordelt over heile kommunen, men dei fleste tiltaka finn vi i tettstaden Eidfjord i området ved Rv 7 og langs Lægreidsvegen, som er den mest brukte vegen på lokalvegnettet. I tillegg er det tilrådd å gjennomføre haldningskampanjar og opplæring i skulen.

Pri	Stad/ Strekning	Tiltak	Kostnads overslag*)	Ansvar
1	Lægredsvn – Kyrkjevn mellom Bygdaheimen og Øvrehagen	Nedsett fartsgrense til 30km/t, og legging av fartsdumper iht vegnormalen	80.000,-	Eidfjord kommune
2	Skulevegen	Etablere område for av- og påstiging for foreldre som køyrer ungane til skulen. Bruke delar av den grusa leikeplassen aust for kyrkegarden. Vurdere plassering av gangfelt over Lægredsvn ved avkøyrsløp til skulen.	500.000,-	Eidfjord kommune
3	Lægredsvn v/ Bygdaheimen	Vikepliktsskilt ut frå Bygdaheimen for å tydeleggjere vikepliktforholda.	5.000,-	Eidfjord kommune
4	Øvrehagen	150 m fortau i nordenden	450.000,-	Eidfjord kommune
5	Fv 103 Simadalsvegen forbi kom.huset	Opphøgd gangfelt. Nedsett fartsgrense forbi kom.huset, til og med gangfeltet.	150.000,-	Hordaland fylkeskom. Stat.Vesen
6	Gamlenaustvegen/ Evjevegen	Stenge for gjennomkøyring mellom industriområdet og Evjevegen. Eventuell stenging vert vurdert ved revisjon av reg.plan Vik-Lægred. * Jf. F.sak 033/12	10.000,-	Eidfjord kommune
7	Rv 7 ved minibanken	Fysiske tiltak mellom gangvegen og riksvegen for å hindre at folk parkerer på fortauet	30.000,-	Eidfjord kommune
8	Gangbru over elva	Montere sklisikring på brua. Bør utgreiast kva material som skal brukast	50.000,-	Eidfjord kommune
9	Utanfor Coop	Realisere gjeldande reguleringsplan. Vert vurdert ved revisjon av reg.plan "Vik-Lægred" * Jf. K.sak. 063/12	300.000,-	Eidfjord kommune
10	Skuleområdet	Sette opp høgt 50 m samanhengande flettverksgjerde.	50.000,-	Eidfjord kommune
11	Rv 7 ved nordenden av Eidfjordvatnet (Såget)	I rapport frå TS-inspeksjonen er det føreslege samanheng i rekkverk og flytting av avkøyrsløp. Midtdelar og redusert fartsgrense er også ønskeleg.	200.000,-	Statens Vegvesen
12	Joker / Lægredsveien	Stenge gjennomkøyring mellom Lægredsvn og Joker. Eventuell stenging vert vurdert ved revisjon av reguleringsplan Vik-Lægred. Jf. K.styrevedtak K.sak. 063/12	10.000,-	Eidfjord kommune
13	Rv 7 v/ bensinstasjonen - Byggeriet	Kontrollere / oppdatere vedteken reguleringsplan for m.a. å etablere 600 m GS-veg	100 000,-	Statens vegvesen
14	Sæbøvegen x Sæbøtunet	Betre skilting og oppmerking for å tydeleggjere vegføringa mellom Sæbøtunet og Sæbøvegen	50.000,-	Eidfjord kommune
15	Rv 7 Maurset aust, kryss	Halde snøkantane nede i krysset, gjere kryssingspunktet synleg for bilistane ved bruk av oransje leidningsgjerde	5000,-	Eidfjord kommune
16	Rv 7 Maurset GS-veg i Sysendalen	Vintersikring. Brøytemannskapa kan sette ledegjerder i snøen på dei utsette stadene.	10.000,-	Eidfjord kommune
17	Ved sjukeheimen	Sykkelsperre. 1m opning er tilstrekkeleg. Enkelt tiltak som bør komma tidleg i denne perioden.	5000,-	Eidfjord kommune
18	Toppen av Postvegen.	Sykkelsperre og skilta GS-veg	5000,-	Eidfjord kommune
19	Postvegen mellom Vikevegen og Rv 7	Opprusting/grusing,betre veglys.	100 000,- (usikkert)	Eidfjord kommune

*) Kostnadsoverslaga er basert på erfaringar frå andre stadar og må kvalitetssikrast og tilpassast lokale høve.

2 VISJON OG MÅLSETTING

2.1 Visjon

I kommuneplan for Eidfjord 2001-2012, vert det vist til kommunedelplan for trafikksikring. Visjonen i kommunedelplan for trafikksikring er i tråd med den nasjonale 0-visjonen og vert føreslått vidareført:

- ❖ Ingen drepne eller alvorleg skadde trafikantar i Eidfjord kommune.

2.2 Målsetting

For å nå dette målet er det satt følgjande målsettingar:

- Fortsette med, og forsterke den førebyggjande trafikkopplæringa blant born og unge
- Opprydding i trafikkfarlege punkt på vegnettet
- Byggje gang- og sykkelvegar langs riks-, fylkes- og kommunale veger der dette manglar
- Godt vedlikehald på eksisterande vegar og gang- og sykkelveg

Dette byggjer vidare på eksisterande målsettingar frå trafikksikringsplanen for 2001-2012 og kommuneplanens arealdel.

I tillegg ønskjer Eidfjord kommune å bli best på bruk av refleks.

2.3 Generell geografi og busetnad


Eidfjord kommune ligg inst i Hardangerfjorden med grense mot Ulvik herad (Hordaland), Ullensvang herad (Hordaland), Hol kommune (Buskerud) og Nore og Uvdal kommune (Buskerud). Kommunikasjonane er gode vestover frå Eidfjord anten via Ulvik og mot Voss eller nordsida av Hardangerfjorden eller via Ullensvang retning Odda /søndre Hardangerfjord /Sunnhordland. Austover går riksveg 7 gjennom over Hardangervidda (Hol kommune) og vidare mot det sentrale Austlandet. Det er ikkje direkte vegforbinding mot Nore og Uvdal. Totalt er kommunen på om lag 1519 km², 27 av desse er innte del av Hardangerfjorden (det vil seie sjøareal). Om lag 95 % av kommunen ligg over 600 m.o.h.



Figur 2: Oversiktskart Eidfjord kommune

Eidfjord kommune vart slegen saman med Ullensvang herad i ein periode fram til 1977. Etter Eidfjord vart sjølvstendig att var folketalet på litt over 1200 innbyggjarar. Tidleg på 80-talet og på 2000-talet har folketalet hatt markerte nedgangar. Det høge folketalet på 70-talet hang saman med kraftutbygginga i Eidfjord (72-83), seinare har det vore naturlege variasjonar.

Dei seinaste åra har det vore ein svak vekst, truleg grunna ei vellukka satsing gjennom Hardangerrådet på å lokke til seg europearar. Berre i 2008 kom det 19 slike til kommunen. Den 1. januar 2011 var folketalet på 959 innbyggjarar (SSB).



Figur 3: Folketalsutvikling i Eidfjord kommune (SSB)

Befolkninga er i hovudsak busett i kommunesenteret Eidfjord, som ligg ved Hardangerfjorden. I følgje SSB har tettstaden Eidfjord 614 av dei noverande 959 innbyggjarane i kommunen. Om lag 150 bur i bygda Øvre Eidfjord, medan resten bur spreidd.

I tillegg til den faste busetnaden utgjer turistane stadig fleire i kommunen. Drygt 1000 fritidsbustadar var registrert i 2009. Dei fleste av desse ligg langs riksvegen i Sysendalen. Det føreligg planar for ei dobling av dette talet. Finanskrisa i 2008 sette ein stoppar for bygging av nye fritidsbustader, men utbygginga er i ferd med å ta seg opp att.

2.4 Vegnett

Riksveg 7, som er ein av tre moglege vegar mellom austlandet og Bergen, går gjennom kommunen og set sterkt preg på trafikkbiletet.

I følgje NVDB var det 66,2 km riksveg (Riksveg 7) i kommunen, 9,3 km fylkesveg (Simadalsvegen) og 58,5 km kommunal veg i 2010.

Dei kommunale vegane finst i Eidfjord, Øvre Eidfjord, inn Hjølmadalen, Isdalen, ein veg sørover frå Tråstølen og inn i nasjonalparken (stengt med bom), og mindre stubbar mellom anna på Bu, Erdal og i nærleiken av Vøringsfossen.

Riksvegen går med ferje mellom Brimnes og Bruravik, der ein køyrer vidare mot Voss og Bergen. Denne ferja vert erstatta av Hardangerbrua i 2013.

2.5 Trafikantar – næringsliv, skule og turistar

Trafikktal for 2010 frå Statens Vegvesen viser at strekninga Brimnes – Øvre Eidfjord ligg på 14-1500 ÅDT(årsdøgntrafikk), mellom Øvre Eidfjord og Fossli er det 1000 og derifrå og opp mot fjellet er trafikktalet 820. Det er stor forskjell mellom månadene. Over Hardangervidda ligg trafikken stort sett på mellom 200-400 bilar /dag frå november til februar-mars. I juli er trafikken klart størst, med over 2200 bilar /dag. Også i august er trafikken stor (16-1800 bilar/dag), mens i april, mai, juni og oktober er den meir på årsgjennomsnittet. Truleg er svært mykje av trafikken over Hardangervidda trafikk som skal gjennom Eidfjord. Vi kan difor rekne med at variasjonen på dei andre vegstrekka er tilsvarande. Til dømes reknar vi då med

at strekket mellom Brimnes og Eidfjord har om lag 1000 bilar/dag i vinterhalvåret og 2800 bilar/dag i toppmånaden juli.

Tungtransportandelen over Hardangervidda ligg på om lag 15 % gjennom året. Det føreligg ikkje månadsstatistikk på denne. Kjelde: [Statens Vegvesen](#).


Det er altså om lag 800 ÅDT som er gjennomfartstrafikk, medan resten er lokaltrafikk eller trafikk vestover frå Eidfjord.

Simadalsvegen er fylkesvegen mellom Eidfjord og Simadalen. Her er trafikktalet 350 ÅDT.

Kommunen er sjølv største arbeidsgjevar i Eidfjord. Næringslivet elles er prega av turisme, småindustriverksemdar, vasskraftforsyning og litt jordbruk.

Arbeidsplassane har om lag same geografiske fordeling som busetnadsstrukturen. Dei fleste arbeidsplassane finst i kommunesenteret, mens det er mindre konsentrasjonar i Simadalen (kraftverk, 30-40 tilsette), Øvre Eidfjord (jordbruk) og i Sysendalen (reiseliv).

Borne- og ungdomsskulen ligg i sjølve Eidfjord. Elevtalet ligg stabilt på cirka 110 elevar. Dei elevane som bur utanfor Eidfjord sentrum nyttar skuleskyss. Til saman om lag 20 elevar nyttar skuleskyss i 2011. For vidaregåande opplæring må elevane til Voss.



Figur 4: Kart over Eidfjord sentrum

Sysendalen er eit attraktiv hytteområde som blir aktivt brukt heile året.

Om sommaren kjem det cruisebåtar til Eidfjord. Turistane får tilbod om sykkelturar mellom anna til Øvre Eidfjord, inn Simadalen og lokalt i kommunesenteret. Dette blir arrangert i grupper. Det er stor turistbusstrafikk og mange gåande turistar i sentrum på sommaren.

I sommarmånadene går eit «turisttog» (Trolltoget) på offentlege vegar i Eidfjord.

2.6 Registrerte køyretøy i kommunen

Totalt var det registrert 1427 køyretøy i kommunen i 2010. Dette fordelte seg på køyretøygrupper slik:

Personbiler	442
Busser	5
Varebiler	143
Lastebiler	35
Kombinerte biler	10
Traktorer	121
Motorreiskap	4
Moped	39
Lett motorsykkel	2
Tung motorsykkel	30
Beltemotorsykkel	134
Hengarar	462

Dette seie at i gjennomsnitt eig om lag halvparten av innbyggjarane i Eidfjord kommune eigen bil.

I undersøkingar for både Noreg og Bergensregionen har over 90 % førarkort av den vaksne befolkninga. Dette gjeld truleg óg i Eidfjord.

3 ORGANISERING AV TRAFIKKSIKRINGSARBEIDET I KOMMUNEN I DAG

Det er mange som har ansvar for gjennomføring av trafikksikringstiltak. Vi skal her kort nemne dei viktigaste og kva tiltak dei har ansvar for.

Eidfjord kommune

Rådmannen er øvste administrative leiar og ansvarleg for at dei saker som vert lagt fram for folkevalde organ er forsvarleg utgreia og at vedtak vert gjort. På denne måten har rådmannen eit overordna ansvar også for trafikksikring.

Kommunalteknisk drift (KTD) har drift- og vedlikehaldsansvar for dei kommunale vegar, gangvegar og gang- og sykkelstiar. Areal- og miljøeininga har òg eit ansvar, særleg i samband med planarbeid.

Skulen og barnehagar har opplæringsansvar innafor trafikktryggleik.

Statens vegvesen (SVV)

SVV har ansvar for at ferdsla på riks- og fylkesvegar er så trygg som mogeleg for alle trafikanter. SVV planlegg, bygger og har drift- og vedlikehaldsansvar for desse vegane. Løyve til avkøyrslar og bygging langs riks- og fylkesvegar er og forvalta av SVV.

I tillegg har SVV ansvaret for planlegging, bygging og drift-/vedlikehald av gang- og sykkelvegane langs riks- og fylkesvegnettet, samt ansvar for kontroll av køyretøy.

Geografisk er SVV inndelt i 5 regionar der Region Vest omfattar Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Etter forvaltningsreforma som tredde i kraft frå 1. januar 2010, er det fylkesavdeling Hordaland med Vegseksjon og Plan- og forvaltningsseksjon Voss og Hardanger, som er den relevante eininga for Eidfjord kommune.

Forvaltningsreforma inneber at Hordaland fylkeskommune har teke over eigarskap og forvaltningsansvar for mange av dei tidlegare riksvegane. RV 7 gjennom Eidfjord kommune er framleis riksveg.

Politiet

Politiet er til stades i Eidfjord gjennom Hardanger lensmannsdistrikt. Dei har hovudkontor i Odda og lokalkontor i Eidfjord som er bemanna 3 timar ein gong i veka !.

Politiet har ansvar for kontrolltiltak overfor bilførarar, særleg når det gjeld fart og promille. I tillegg har politiet eit ansvar for førebyggjande tiltak overfor trafikanter, med hovudvekt på dei born og ungdom. Slike tiltak vert utført i samarbeid med skulen.

Trygg Trafikk

Trygg Trafikk er ein landsomfattande uavhengig organisasjon for det frivillige trafikksikringsarbeidet, og skal fungere som bindeledd mellom dei frivillige aktørane og dei offentlege myndigheitene som har ansvaret for trafikktryggleiken.

Trygg Trafikk sine arbeidsområde omfattar i hovudtrekk:

- Gje trafikkfagleg og pedagogisk bistand til barnehagar, skular og foreldre for å sikre at trafikkopplæring og trafikkoppseding blir best mogleg
- Spreie informasjon om trafikktryggleik til ulike målgrupper
- Være bindeleddet mellom det frivillige trafikksikringsarbeidet og myndigheitene
- Være en aktiv pådrivar i trafikksikringsarbeidet i høve avgjerdsmynde.

Trygg Trafikk har hovudkontor i Oslo, og distriktsleiarar i alle fylke. Distriktsleiarane har kontor ved dei statlege region-/distriktsvegkontora. Dei driv også oppsøkjande verksemd overfor skulane med hovudvekt på haldningsskapande opplæringstiltak. Trygg Trafikk har utvikla ei mengd undervisningsmateriell berekna på skuleverket og frivillige lag og organisasjonar.

Hordaland Fylke

Fylkeskommunen har eit overordna ansvar for samordning av trafikksikringsarbeidet i fylket. Fylkestrafikksikringsrådet (FTR) er eit rådgjevande organ for samferdsleutvalet. Det er utarbeida ein fylkeskommunal handlingsplan for trafikktryggleik. Ein kan søke fylket om tilskot til utgifter samband med trafikkopplæringstiltak.

FTR samordnar tiltak, støtter opp under førebyggjande arbeid, og gir økonomisk støtte til lag og organisasjonar. Fylkeskommunen har eit særleg ansvar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

På bakgrunn av fylkeskommunen sin styrka rolle gjennom forvaltningsreforma er det rimeleg å forvente at Hordaland fylkeskommune kjem til å ha eit styrka apparat når det gjeld spørsmål om trafikksikring generelt.

Andre

Utanom dei som er omtala ovanfor er det også mange andre organisasjonar som tek del i trafikksikringsarbeidet i kommunen, anten det er i form av trafikantopplæring, førebyggjande tiltak eller at dei på andre måtar er direkte involvert i arbeid med trafikkulukker. Vi kan mellom anna nemne køyreskular, hjelpekorpsa, helsevesenet og sjølvsgt foreldre som har eit særleg ansvar for haldningsskapande arbeid. Dei har eit overordna ansvar for å oppdra borna til å oppføra seg på ein god måte i trafikkbiletet og for at dei nyttar seg av naudsynt sikringsutstyr som til dømes refleks og sykkelhjelm.

4 REGISTRERINGAR OG PROBLEMANALYSE

4.1 Datagrunnlag

For å kunne seie noko om trafikktryggleiken i Eidfjord kommune, har me henta informasjon frå ulike kjelder:

- Politirapporterte personskadeulukker
- Følt utryggleik i trafikken
- Rassikringsplan Fv 103 Eidfjord- Simadalen
- TS-revisjon av riksvegen Brimnes – Fossatrommi

For dei politirapporterte personskadeulukkene har ein fått data frå Statens Vegvesen sitt register for ulukker. For den siste kategorien er det gjennomført ei kartlegging av stader og strekningar der folk kjenner seg utrygge i trafikken (innspel frå heile befolkninga gjennom utsendt spørjeskjema og direkte innspel).

Talet ulukker i Noreg er heldigvis relativt lågt, men det gjer at det ofte er vanskeleg å finne tydeleg mønster for ulukkene. Då er det eit nyttig supplement å få innspel frå innbyggjarane om kvar problempunkta er. Det er derfor gjennomført ei utryggleiksundersøking blant alle innbyggjarane i kommunen.

Etter oppdrag frå Eidfjord kommune har Statens Vegvesen føreteke ei vurdering av rasfare og moglege sikringsløysingar av Fylkesveg 103 Eidfjord - Simadalen. Vurderinga blei gjort i 2000, men konklusjonane er truleg aktuell også i dag.

Vegen er stadvis svært utsett for ras, både steinsprang og snøskred / sørpeskred. Steinsprang har høg frekvens og er vanskeleg å varsle og kan gå føre seg i turistsesongen, då trafikken er høgare. Til vanleg er trafikken nokså avgrensa, men det er stor verdiskaping inne i dalen.

Trafikksikringsinspeksjon er ein systematisk meter-for-meter gjennomgang av utsette stader for ulukker, strekningar eller spesielle temarevisjonar for sykkelveg, fotgjengartilhøve o.a. Ved hjelp av mindre strakstiltak er det eit stort potensial for å redusere talet på ulukker langs eksisterande vegnett. Inspeksjonen bør følgja Statens Vegvesen si "Handbok 222":

<http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>

Eidfjord kommune bør jobbe for at Statens vegvesen som veghaldar for Rv 7 gjennomfører TS-inspeksjon og set av midlar til utbetringstiltak.

Det er utført ein TS-inspeksjon i regi av Statens vegvesen (2011). Den har fokus på sikring av sideterreng langs Rv 7. Vi har kommentert punkter frå TS-inspeksjonen som er samanfallande med punkter i TS-planen.

I dei neste kapitla er ulukker og utryggleik analysert kvar for seg.

4.2 Politirapporterte personskadeulukker

4.2.1 Generelt


For å kartlegge ulukkene på vegnettet i Eidfjord kommune er det teke utgangspunkt i politirapporterte ulukker i perioden 2001 – 2011.

Det er generelt ei vesentleg underrapportering av trafikkulukker. Truleg er det berre ca 1/3 av ulukkene totalt som blir politirapporterte, men dekningsgraden er nok høgare dess meir alvorlege ulukkene er. For ulukker der motorkjøretøy er involvert reknar ein med ei gjennomsnittleg rapporteringsgrad på opp mot 50 %, medan sykkelulukker og andre mjuke trafikantar har kanskje så låg rapporteringsgrad som 1-5 %.

Det er mange faktorar som påverkar talet på ulukker, mellom anna trafikkmengd, fartsnivå, tilhøve knytt til vegsystemet, vær- og føretilhøvet og trafikantane si åtferd.

4.2.2 Utvikling i talet innrapporterte ulukker med personskade


I 11-årsperioden 2001-2011 vart det i alt innrapportert 63 ulukker med personskade i Eidfjord kommune. Dei fordeler seg på grad av alvor slik:



Figur 5: Personskadeulukker fordelt på grad av alvor (STRAKS-registeret 2001-2011)


I desse 63 ulukkene er i alt 79 personar skadde eller drepne.

Dei 6 dødsulukkene har 7 drepne. I tillegg til dødsulukkene er det 7 ulukker med alvorlege / svært alvorlege personskadar. Sjå nærare gjennomgang av dei alvorlegaste ulukkene nedanfor. Alle dødsulukkene har skjedd langs riksvegen. Tre av dei var mc-ulukker og 3 bilulukker. Dei fleste under gode kjøretilhøve.



Figur 6: Utvikling i tal ulukker og skadde på 2000-talet


I perioden 2007-2011, vart det innrapportert i alt 24 ulukker med personskade i Eidfjord kommune. I desse ulukkene er i alt 34 personar skadd, av desse 3 drepne og 3 alvorleg eller mykje alvorleg skadd.



Figur 7: Prosentvis fordeling av ulukkene i perioden

Figur 6 viser korleis ulukkene fordeler seg prosentvis i elleveårsperioden. Det er ingen tydeleg trend i utviklinga av ulukker. Når talet ulukker er relativt få, som i Eidfjord kommune, vil den tilfeldige variasjonen år til år vere stor.

4.2.3 Kor ulukkene har skjedd




Figur 8: Kart som viser kvar ulukkene har skjedd.

Alle dei registrerte ulukkene har skjedd langs riksvegen. På det kommunale og fylkeskommunale nettet er det ikkje registrert ulukker med personskade.

4.2.4 Fordeling på type ulukker


Av ulukkene i Eidfjord merker utforkøyning seg ut som ei dominerande ulukketype, med 68%. Møteulukker har også ei vesentleg del, med 24 % i tiårs perioden. Til samanlikning er tilsvarande tal for heile Hordaland utanom Bergen 40 % og 20 %. I heile Noreg er tala berre 28 % for utforkøyning og 14 % for møteulukker.



Figur 9: Type ulukke i Eidfjord, samanlikna med Hordaland utanfor Bergen og Noreg. NB! Dataa for Eidfjord er for ei 11årsperiode, medan dataa for Hordaland og Noreg er for ei 5årsperiode (2004-2008).


4.2.5 Tidsfordeling av ulukkene

Av dei 63 ulukkene for perioden 2001-2011, var juli månaden med flest ulukker, medan dei andre sommarmånadene også hadde høge ulukkestal. Juli hadde 11 av ulukkene. Mai hadde 8 ulukker, og juni og august 7 ulukker kvar. Vi ser altså eit noko høgare tal ulukker i sommarmånadene. Sannsynlegvis heng dette saman med sommartrafikken som inneber høgare trafikktal generelt. Dødsulukken er spreidd utover heile året og ein kan ikkje sjå eit klart mønster i desse. Sjå figuren nedanfor.




Figur 10: Ulukkene si fordeling over året, vist med grad av alvor basert på mest alvorleg skadde i ulukka. Sommarmånadene er dominerande, men dødsulukken er spreidd over heile året.

Korleis ulukkene fordeler seg på dagar i veka går fram av figuren nedanfor. Eidfjord kommune legg seg nokså tett opp til kva som er vanleg i fylket.



Figur 11: Fordeling av ulukkene i uka. Litt nedgang i helgene.

Fordeling på døgnet er vist i figuren nedanfor.



Figur 12: Ulukkene si fordeling over døgnet. Dei fleste ulukkene skjer på dagtid, noko som er vanleg i fylket.

Figur 12 viser fordeling av ulukker over døgnet. Det er stor grad av samsvar mellom Eidfjord og Hordaland. Ulukkene skjer i liten grad om morgonen og i større grad frå føremiddag til kveld.

4.2.6 Føre- og lystilhøve

57 % av ulukkene i Eidfjord har skjedd på tørr, bar veg. 22 % har skjedd på snø- eller islagt veg, 17 % på våt, bar veg, og resten (4 %) på delvis snø/islagt eller ukjend føre.

71 % av ulukkene har skjedd i dagslys, 22 % i mørke utan veglys og 5 % i tussemørke (skumring). 1 av ulukkene (om lag 2 %) manglar data.

4.2.7 Nærare gjennomgang av dei alvorlegaste ulukkene

Dei 6 ulukkene med dødsfall har til saman 7 drepne:

Dato	ID i kart	Køyretøy	Type ulukke	Årsak /beskrivelse	Køyretilhøve
16.mars 2002	1	Buss (2 drepne)	Utforkøyning	Lufttrykk frå snøskred	Våt veg, elles gode
15.mai 2003	2	Bil	Utforkøyning	Uklar årsak – braut autovern (illebefinnande)	Mørkt, elles gode
16.juli 2006	3	MC	Utforkøyning	Høg fart i sving.	Gode
2. jan. 2007	4	Bil	Utforkøyning	Høg fart – fikk skrens.	Gode
13.aug. 2007	5	MC	Møteulukke	Mista kontroll grunna uheldig sving. For høg fart	Mørkt, elles gode
7. sept. 2008	6	MC	Utforkøyning	Høg fart i sving.	Gode

Møte og utforkøyingsulukker er typisk for vegar utanfor tettbygde strok. Det ser vi tydeleg av denne statistikken. Høg fart har vært hovudårsak til ulukkene. Halvparten av dødsulukkene er MC-ulukker.

Dato	ID i kart	Køyretøy	Type ulukke	Årsak /skildring	Køyretilhøve
4. jul 2001	7	Fotgjengar	Kryssing bak parkert køyretøy	Ved busstopp	Gode
16. jul 2004	8	MC	Utforkøyning	Krapp sving, bratt bakke	Gode
25. mai 2005	9	Bil	Møteulukke	Forbikøyning der B ikkje oppdaga at ei anna forbikøyning bak var starta.	Gode
1. mai 2006	10	MC	Utforkøyning	Prøvde å kutte sving, men ble overraska av bil og kørte ut	Våt veg, elles gode
11. feb 2008	11	Bil	Utforkøyning	Veltet med semitrailer i kurve	Mørkt, elles gode
22. jun 2009	12	MC	Møteulukke	Mistet kontroll på MC	Ikkje reg.
17. mai 2010	13	Bil	Forbikøyning	Enhet A klarte ikkje svingen og kørte inn i trailer.	Gode


Igjen er utforkøyningane dominerande, og MC-ulukker utgjør halvparten av ulukkene.

4.3 Utryggleik

Registrering av utryggleik på vegnettet i Eidfjord kommune er gjort gjennom ei spørjeundersøking blant alle innbyggjarane. Spørjeskjemaet er vedlagt sist i rapporten. Det kom inn forslag til utbetring i 74 ulike punkt på vegnettet.

Føremålet med ei registrering av utryggleik har vore å kartleggje trafikkfarlege situasjonar og utrygge stader på vegnettet. Det er spurt om kvar ein føler seg utrygg, og forslag til tiltak som kan vera aktuelle på dei ulike lokaliseringane som vart peika ut. Her var det utarbeida ei liste med forslag til tiltak som innbyggjarane kunne «plukke» frå når dei skulle foreslå botemiddel til utryggleiken, i tillegg til at ein hadde høve til å kome med egne forslag.

Forslaga er vurdert fagleg i etterkant og teke med som innspel i tiltaksdelen.




Figur 13: Utryggleiksregistreringar i kommunen, oversiktskart med utsnittsinndeling

Utryggleiken er konsentrert om dei bygde delane av kommunen. Vi har difor valt å presentere ulike utsnitt, som vist i figur 13 ovanfor.

I Erdal (markert med ID 1 i kartet ovanfor) er det registrert eit punkt som ligg utanfor dei andre registreringane. Dette er ved avkøyrsla frå riksvegen til hyttegrenda. Fartsgrensa på 80km/t opplevast som høg og det er dårleg sikt. Det er stilt ønskje om gangfelt og lågare fartsgrense.


På Hardangervidda er det også registrert 3 usikre avkøyrslar, på Dyranut (72), Tråstølen (73) og Halne Fjellstue (74).

4.3.1 Utryggleik i Eidfjord sentrum




ID	Stad / vegnavn	Problemskildring	Evt ønska tiltak
2	Fv 103 ved Rådhuset	Fotgjengarovergang manglar. Høg fart	Etablere fotgjengarovergang
3	Fv 103. Avkøyrsla til campingplassen	Anonym avkøyrsla i kurve vis a vis Hereidsvegen.	Flytte avkjørselen til pkt 3 i kartet
4	Fv 103 SimadalsvnxKvednavn	Uoversiktleg gangfelt	Fjerne sikthindringar, ledegjerde
5	Hereidsvn	Smal veg i svingen	Utvide vegen
6	Hereidsvn x Gamle Hereidsv	Dårlig sikt i krysset	Fjerne vegetasjon
7	Kvednavn x Elvavn	Dårlig sikt i krysset, manglar oversikt	Fjerne vegetasjon
8	Gangbru	Glatt gangbru (tredekke)	Vintervedlikehold, sklisikring
9	Elvavn	Syklistar kjem ut frå stikkvegar. Kjem overraskande på bilførarar	Sykkelsluse
10	Elvavn	Syklistar kjem ut frå stikkvegar. Kjem overraskande på bilførarar	Sykkelsluse
11	Kvednavn	For høg fart	Ein ekstra fartshump
12	Utanfor COOP	Opne asfaltflater, blanding av gåande og køyrande.	Strukturere gangliner. Ruste opp plassen i høve til reg.planen.
13	Rv 7 x Fv 103	Fotgjengarar kryssar Rv 7 på vestsida utanfor gangfelt.	Nytt gangfelt på vestsida av krysset
14	Rv 7 v/ Mixkiosken	Born spring over vegen	Fjerne busker, sette opp ledegjerde
15	Rv 7 v/ Mixkiosken	Dårlig opplyst gangfelt	Betre belysning på gangfelt + skilt
16	Rv 7 v/ minibanken	Uryddig trafikkmonster, fortau vert nytta til parkering og avkøyrsla	Etablere pullertar for å fysisk hindre parkering på fortauet
17	Rv 7 v/ gangbru	For stor fart	Ny fartshump? Etablere «portal» til Eidfjord.
18	Rv 7 Nedanfor skulen	Snarveg som er usikker. Born og ungdom kjem springande ut av skogen.	Rekkverk for å hindre at borna kjem ut i riksvegen.
19	Rv 7 til Byggern	Gang-/sykkelveg manglar, sving	Ferdigstille planlagt gang- og sykkelveg
20	Utanfor Jokerbutikken	Konflikt gåande/køyrande, manglande lys, «råning».	Stenge gjennomkøyringa for trafikk
21	Avkøyrsla frå Lægreidsvn til ungdomshus/ Jokerbutikk	Innkøyring/fotgjengarar konflikt	Stramme opp krysset
22	Lægreidsvn v/Ungdomshuset	Gangfelt manglar	Etablere opphøga gangfelt
23	Lægreidsvn nedre del	Manglar rekkverk, mange som kryssar vegen på steder der bilistane har dårleg oversikt.	Auke bruken av ledegjerde
24	Avkøyring til hotellet	Dårlig sikt	Fartsdempar på toppen av bakken og skilt.
